

# Kyrkjeklokka

Nr 3- 2024

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

88. årgang



Ei side i Landslova. Illustrasjonen øvst til venstre syner Magnus Lagabøter som gir lova til ein lagmann. Teksten er prologen til Landslova. Biletet er frå lovboka Codex Hardenbergianus frå 1300-talet. Manuskriptet finst i Det kongelege danske bibliotek i København.

## INNHALD:

- Kronprins Haakon sin tale på Moster
- Frå sokneråda
- Guds fire døtre
  - «Søster RETTFERD»
  - «Søster SANNING»
  - «Søster FRED»
  - «Søster MISKUNN»
- Verdiåret 2024
- Frans av Assisi i Magnus Lagabøtes Landslov
- Innvik kyrkje 200 år
- Ljosheim 100 år
- Konsertar
- Faste spaltar
  - Frå kyrkjeverja
  - Tankar langs vegen
  - Oddny under open himmel
  - Min salme
  - Barnesider
  - Preikelista
  - Frå kyrkjebøkene

## Temanummer:

Kristenretten frå Mostratinget og Magnus Lagabøters landslov sin innverknad på norsk samfunnsliv og våre verdiar

**H.K.H. Kronprinsens talte under markeringa av 1000-årsjubileet for kristenretten på Moster 1. juni i år.**

**Han framheva den revolusjonerande budskapen om at det nye vart presentert ved at det fanst berre ein Gud og at vi alle er skapte i hans bilde.**

## Kronprins Haakon sin tale på Moster

Hva vet vi egentlig om det som skjedde her på Moster for tusen år siden? Vi kan se for oss den unge Olav Haraldsson – senere Den Hellige, enda ikke fylt 30 år – men en erfaren kriger – seile inn her til vakre Mosterhavn med hirdmennene sine. Vi kan se for oss at han går i land og møter sin nære rådgiver biskop Grimkjell, som antakelig var litt eldre enn det han var.

Vi kan anta at Olav, som hadde latt seg døpe i Frankrike i 1014, kom til møtet som han selv hadde kalt sammen til her på Moster – med lidenskap og ambisjon. Ambisjonen – både på nasjonens og egne vegne – var at Norge skulle bli et kristent land. Et land der kongemakt og kirkemakt skulle utfylle hverandre. Der kongens tro skulle bli nordmenns tro. Med Kongen selv som verdiforankring for folket sitt. I dette lå muligens også en personlig ambisjon om økt makt og legitimitet som landets overhode – både hjemme og ute i verden.

Vi kan se for oss så mye. Likevel må vi erkjenne at det er veldig lite vi vet med sikkerhet om hva som egentlig skjedde her for tusen år siden. Men vi trenger fortellinger. Vi trenger fortellinger som hjelper oss til å forstå oss selv. Fortellinger som kan sette sammen bitene til et helt bilde av hvem vi er, – hva som har formet oss. Fortellingen om innføringen av kristenretten på Moster i 1024 er nettopp en sånn kjernefortelling – bygget på noen få historiske holdepunkter. Fortellingen er én brikke i en stor og langsom utvikling som la grunnlaget for det Norge vi kjenner og er glad i i dag.



H.K.H. Kronprinsen (Foto: Sølve Sundsbø / Det kongelige hoff)

Et land bygget på et humanistisk og kristent menneskesyn. Der menneskerettigheter, velferd og demokratisk styresett ligger til grunn.

Denne fortellingen er viktig å feire.

For hvem ville vi ha vært uten alt dette?

Det er vanskelig for oss i dag å forstå fullt ut hvor stor betydning innføring av kristendommen hadde for landet vårt. Hvilken enorm endring av verdensbildet, av samfunnsstrukturer og av tankesett dette egentlig innebar.

I norrøn tid levde vi i et ættesamfunn der enkeltmennesket hadde liten verdi. Makt, posisjon og styrke ga rettigheter. Slekten man tilhørte utløste den enkeltes plikter og privilegier. Inn i dette ættesamfunnet kom det så gradvis noe revolusjonerende nytt: Et budskap om at det fantes én Gud. Og at vi alle var skapt i hans bilde.

## Kyrjeklokka

Bladet vert levert til husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune.

Adresserte blad (utanbygdes) får krav på bladpengar på faktura: Kr 300.

Bladpengar for Stryn og Hornindal er frivillig og vi håpar at mottakarane av bladet vil betale inn 300 kr eller meir.

Bankgiro 0538 18 51054  
Bankgiro 3795 30 05108  
Eller bruk Vipps: nr 583131

**Vi takkar for  
innbetalingar og støtte.**

Redaktør for dette nummeret: Jarle Hessevik

**Post til Kyrjeklokka:**  
[kyrkjeklokka@gmail.com](mailto:kyrkjeklokka@gmail.com)

**Kyrjeklokka kan også lesast på nettet:**  
[www.stryn.kyrkja.no/Kyrjeklokka](http://www.stryn.kyrkja.no/Kyrjeklokka)

Det gjorde oss til del av det samme fellesskapet. Et fellesskap der vi har plikt til å ta vare på hverandre som likeverdige mennesker.

En helt ny idé om fellesskapet blir født. Men også om enkeltmenneskets verdi, løsevret fra ætten, i kraft av oss selv.

Store samfunnsomveltninger skjer aldri over natten. De tar tid. Lang tid. I dette tilfellet flere hundre år. Først med Magnus Lagabøtes landslov av 1274, som vi også feirer 750-årsjubileet for i år, blir kristenretten del av et nasjonalt lovverk som gjelder for hele Norge.

Vi feirer altså en fortelling – bygget på noen få, men sterke holdepunkter. De er til gjengjeld så kraftfulle at de binder oss sammen som land og som folk. Så sterke at vi samles rundt dem for å skape fortellingen om oss

selv. Så sterke at vi har reist fra ulike deler av landet for å være sammen her i dag – tusen år senere.

Arven vi bygger på står seg godt i møte med nye nordmenn fra andre deler av verden, som bidrar til å skape nye bilder av Norge – med et større mangfold, religiøst og kulturelt.

Står vi støtt i vårt eget, blir vi tryggere i møte med en kompleks verden.

I dag feirer vi at for tusen år siden ble grunnsteinen lagt for det fellesskapsbaserte samfunnet vårt. Dette samfunnet har vi bygd videre på sammen gjennom generasjoner fram til i dag. Og vi fortsetter å bygge, å bevare, å beskytte – for de som kommer etter oss. På den måten former vi også framtiden – ved å feire fortiden.

Gratulerer med jubileet!

## Frå redaksjonen

### Temanummer

Som tidlegare annonsert, er dette eit temanummer som tek for seg dei to store jubilea som gjer at dette året vert kalla «Verdiåret 2024». Les om dette i fleire artiklar i bladet.

Kristenretten, innført av Olav Haraldsson («den heilage») på Mostratinget i 1024 (1000-årsjubileum) og Magnus Lagabøters Landslov frå år 1274 (750-årsjubileum) forandra det norske samfunnet i mellomalderen og sette spør som varer den dag i dag. Forsidebildet er, som de sikkert ser, bilde av ei side i Landslova. Illustrasjonen øvst til venstre syner Magnus Lagabøter som gir lova til ein lagmann. Teksten er prologen til Landslova. Biletet er frå lovboka Codex Hardenbergianus frå 1300-talet. Manuskriptet finst i Det kongelige danske bibliotek i København.

### Bladlaget Kyrkjeklokka sin økonomi

Dei tiltaka som er gjennomførte, har spart oss for mykje utgifter og vi er på veg til å redde dette gamle kyrkjebladet. Det er sjølvstøtt og takka vere alle som

har sendt frivillig bladkontingent og gåve til bladet. Så hjarteleg takk for det!

Som de ser, er det også i dette bladet lagt inn ein giroblankett. Styret viser til at den giroen som var lagt inn i første nummer dette året, skulle erstatte manglende giro for 2023.

Dei som tenkjer at innbetalinga i februar får vere nok, skal sjølvstøtt ha takk for bidraget. MEN, tenk gjerne også at giroen i dette bladet gjeld utgåvene i 2024. Så kjem vi tilbake med nye mulegheiter i 2025 for å sikre vidare drift.

### Til utanbygdes abonnentar

Privatpersonar som får Kyrkjeklokka i posten, må vi frå i år rekne som betalende abonnentar som får faktura på bladpengar.

Bladpengar er på 300 kr pr år og om du ikkje ønskjer å vere abonnent, vil det vere bra om du sender ei melding på e-post: [kyrkjeklokka@gmail.com](mailto:kyrkjeklokka@gmail.com)

**Bruk av VIPPS (583131) må merkast med namn.**

## Til deg som ikkje ønskjer å få Kyrkjeklokka i postkassen

Med den nye omberinga kan du som ikkje vil ha bladet, melde frå om dette på e-post til Kyrkjeklokka. For at dette skal la seg gjere, må du :

1. **Sende ei melding på e-post til [kyrkjeklokka@gmail.com](mailto:kyrkjeklokka@gmail.com) med namn og adresse.**
2. **Passe på at postkassa di er godt merka med namn.**

Då vil dugnadsgjengen frå sokneråda vite at dei skal la vere å legge blad i di postkasse.

Vi håpar sjølvstøtt at flest muleg ser verdien av bladet, om ikkje anna for å vere informert om kva kyrkja i Indre Nordfjord er opptekne av.

# Frå sokneråda

## Friluftsgudsteneste i Oppstryn 25. august

Tradisjonen tru arrangerte vi friluftsgudsteneste i «Bombeneset» i Oppstryn i august.

Her er vi så heldige å få bruke den flotte gapahuken til 4H. Det er plass til mange i denne. Det var ikkje fritt for at det regna litt, men alle hadde tak over hovudet.

Erling Gjørven stilte velvillig opp med den flotte mesingklokka si, og det var han som fekk æra av å ringje med klokka.

I år vart det presentasjon av årets konfirmantar, og samtidig var her 9 personar som vart konfirmerte for 50 år sidan. Ein av jubilantane, Tor Guddal, fortalde litt om kvar enkelt av dei som vart konfirmerte i 1974, og litt om undervisninga og overhøyringa på sjølve konfirmasjonsdagen. Det var ca 50 personar som møtte i Bombeneset.

Anders Kvile hadde med seg trekkspilet denne dagen. Henny avslutta med postludium på blokkfløyte og etter gudstenesta vart det servert kaffi og kaker/gjærbakst. Då vart det ein god prat før alle gjekk kvar til sitt. Konfirmantjubilantane samla seg til eit måltid på Erdalen bygdemølle etterpå.



50-årsjubilantar 2024:  
Frå venstre: Tor Guddal, Kelly Hjelle, Eirik Tenden, Jorunn Tenden, Astrid Palma Sandvik, Astrid Mork, Marit Gjørven Berge og Rita Hjelle.  
(Astrid Mork, Astrid Sandvik og Marit G. Berge var jubilantar i 2023).

Tekst og foto: Edbjörg Mork

## Sommardag i Liatunet søndag 25. august

Då høvde det godt å flytte gudstenesta dit. Store telt gjorde at dei om lag 40 framkomte slapp å bli våte, sjølv om regnbyene ofte vann over sola i kampen om å ha makta.

Lette slag på eit glas med vatn gjorde teneste som kyrkjeklokke og leiaren i Stiftinga Liatunet, Dag Vanberg, opna gudstenesta med å lese diktet «Den gamle stova» av Ragnhild Skår Nesje – det høver godt til Liatunet.

Knut prest (Gjengedal) hadde «skaparglede» som tema for preika si. Han minte om at gartnaren har det eldste yrket i verda, og tok utgangspunkt i Innviksongen som vi song under jubileumsfesten den 28. juli. Den fortel om «bugnende eplehager», og gjev tydeleg uttrykk for gartnaren si skaparglede. Og over det heile står ei skaparkraft som har omfatta alt.

Dei vakre regnbogane som dukka opp grunna det vekslende veret, er eit bilete på Noah-pakta – brua mellom himmel og jord, pakta der Gud lova å ta med alle skapningar på jorda.

Menneska har til alle tider vore opptekne av natur, og naturfenomen er ofte personifiserte - til dømes seier vi «ho» når vi snakkar om sola, og «han» når det gjeld stormen og vinden. Spørsmålet er om vi er flinke nok til å ta vare på naturen, på skaparverket vi har fått ansvaret for - om miljø-engasjementet vårt er sterkt nok i kampen mot klimaproblema vi står overfor.

Hildegjerd Havåg Bjørlo var kyrkjevert, Solbjørg Gjengedal var medliturg og organisten vår, Galya Radeva, song «I'll surrender all», skriven av CeCe Winans.

Ein slik dag, med eit slikt tema, i omgjevnader med natur rundt oss på alle kantar, høver det godt å syngje om «Måne og sol, vindar og hav...» og Galya avslutta gudstenesta med å syngje «Amazing Grace» – etter ønskje frå Idun, som så og seie har vakse opp i Li, og som no har hytte på garden.

Tekst: Torill Bennæs. Foto: Per Ove Reme



## Kyrkjeverja

### Nye tilsettingar i Fellesrådet

I løpet av dette året blir det ein del endringar i personalet som er tilsett i fellesrådet.

**Birger Skåre** vart pensjonist 1. juni i år. Vi takkar han for tru- fast og solid innsats gjennom mange år, og ynskjer lukke til med livet som pensjonist.

**Anne Flore** er tilsett i 100% stilling som gravplassarbeidar/ kyrkjetenar, og tek til 1. nov. Vi ynskjer Anne velkoma, og kjem tilbake med nærare presentasjon.

**Oddvar Bergset** har sagt opp stillingane som han har hatt i Nordsida, men held fram i jobben som kyrkjetenar, kombinert med gravplassarbeidar i til saman 60%.

Frå 1. oktober er **Olga Prykhodko** ny organist i Nordsida kyrkje, og **Olaug Tunold Aarøen** blir sekretær for Nordsida sokneråd.

**Andre Meijer** har jobba som vikar ein periode, og er no tilsett i 40% fast stilling som kyrkjetenar og gravplassarbeidar. Han tek over som kyrkjetenar i Oppstryn.

**Borghild Skarelven** var vikar i Trusopplæringa i ein periode med redusert bemanning, fram til mai i år. Vi takkar Borghild for innsatsen.

### Gravpynt

På mange graver blir det i tillegg til blomster pynta med lykter, figurar, steinar og liknande i plantefelta. I utgangspunktet er dette greitt om ein held seg til det som står i gravplassvedtek- tene for Stryn kommune:

#### § 8. PLANTEFELT

(.....) Dekorgjenstandar, lykter etc. må være plassert i plante- feltet og skal ikkje vere til hinder eller fare for vedlikehaldet inn- til og rundt gravminne/plantefelt. Blomstervasar som vert plas- serte på grava skal ikkje vere laga av glas eller lett knuseleg ma- teriale.(.....)

I samband med slått, skjer det diverre frå tid til anna at pyn- tegjenstandar blir øydelagde. Dette skjer oftast med gjenstandar

*Framh. neste side*

## Kyrkja i indre Nordfjord



### Stryn kyrkjekontor

Tlf 57 87 61 80

Postadresse: og besøksadresse:  
Rognehaugen 11, 6783 Stryn

[kyrkja@stryn.kommune.no](mailto:kyrkja@stryn.kommune.no)

[www.stryn.kyrkja.no](http://www.stryn.kyrkja.no)

**Kontortid:** måndag, onsdag, torsdag og fredag  
kl 09.00 - 15.00, tysdag kl 10.00 - 15.00

**Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri.** tlf 913 27 882

[kari.muri@stryn.kommune.no](mailto:kari.muri@stryn.kommune.no)

Sekretær Margrete Lillestøl

Sekretær Anne L. Honningsvåg

#### Prestane

##### For Oppstryn, Loen og Nedstryn

Sokneprest Henny Koppen, tlf 916 01 630

[henny.koppen@stryn.kommune.no](mailto:henny.koppen@stryn.kommune.no)

##### For Randabygd og Nordsida

Sokneprest Hege Høibye, tlf 413 75 495

[hege.hoibye@stryn.kommune.no](mailto:hege.hoibye@stryn.kommune.no)

##### For Utvik

Prestevikar Beate Nes, tlf 986 54 244

[beate.nes@stryn.kommune.no](mailto:beate.nes@stryn.kommune.no)

##### For Innvik og Olden

Fung. sokneprest Knut Gjengedal, tlf 948 32 875

[knut.gjengedal@stryn.kommune.no](mailto:knut.gjengedal@stryn.kommune.no)

##### Trusopplæringa

Kateket Beate Nes, tlf 986 54 244

[beate.nes@stryn.kommune.no](mailto:beate.nes@stryn.kommune.no)

Kyrkjelydspedagog Andreas Kråkenes, tlf 922 80 026

[andreas.krakenes@stryn.kommune.no](mailto:andreas.krakenes@stryn.kommune.no)

Kyrkjelydsarbeidar Guro Petronella Andersdotter  
Nordnæs-Enerhaug, tlf 988 02 257

### Volda kyrkjekontor (Hornindal sokn)

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

[kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no)

[www.volda.kyrkja.no](http://www.volda.kyrkja.no)

**Kontortid:** Må, ty, to og fre kl. 10.00 –14.00  
onsd kl 10:30– 14:00

**Kyrkjeverje Jostein Stråbø,** tlf 916 63 549

[kyrkjeverja@volda.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@volda.kyrkja.no)

#### Hornindal sokn

Prestevikar Ove Aksnes, tlf. 90181779

[ove@oveaksnes.no](mailto:ove@oveaksnes.no)

## Frå sokneråda



## Konsert i Olden og Oppstryn kyrkje med kor frå Estland

Kyrkjene i Olden og Oppstryn hadde gjestekor frå Baltikum på besøk 4. og 5. august.

Då spørsmålet frå Estland kom, var det ikkje vanskeleg for sokneråda å stille seg positive til den. Gjennom kulturutveksling kan ein bygge gode bruer over landegrensar. Ikkje minst gjennom musikkens språk.

Sjølv om estisk er eit framspråk for oss, var det ei stor oppleving for dei 60 oppmøtte i Olden nye kyrkje. Gro Birgit Egset takka koret med

gode ord, og hadde med norsk sjokolade som dei tok i mot med stor glede. Og soknerådet fekk estisk sjokolade tilbake.

I Oppstryn fekk dei 68 frammøtte ein fin konsert som gjestekoret sjølve arrangerte i kyrkja kvelden 4 august.

Kathrina Flo og Astrid Sandvik frå soknerådet tok vel imot koret, og ynskte dei velkomne med kaffi og lokalprodusert kringle, og takka for at koret hadde valt bl.a. vår kyrkje.

*Tekst og foto:*

*Arild Hafsaås, Olden sokneråd*

*Olaug Mork, Oppstryn sokneråd*



Framh. frå s. 5

som er plassert på kanten rundt plantefeltet. Rutinane våre legg opp til å klippe heilt inn til plantefeltet slik at det ikkje står att ein kant med høgare gras rundt grava/plantefeltet.

Vi må difor presisere at "i plantefeltet" betyr innanfor kanten på plantefeltet, slik den er markert med blått på biletet til høgve.

*Kari Synnøve Muri*





Henny Koppen

## Tankar langs vegen



Når ein er ute og går har ein god til å tenkje, og når eg har gått til jobb desse dagane i august, før deadline for Kyrkje-

klokka har eg tenkt på dette: Kva personar har endra verda i positiv retning, med base i si kristne tru? Denne gongen fekk eg nemleg dette konkrete oppdraget.

Det finst menneske som hevdar kristne berre lever for livet etter døden, og ikkje bryr seg med det som skjer her og no. Det kan ikkje bli meir feil, tenkjer eg. Jesus, som er kristendommen sin lærar, og vegvisar var veldig tydeleg på at vår oppgave er å elske kvarandre, hjelpe, støtte, bere, pleie, vise omsorg. Han var sjølv det beste eksempelet, og hans liv er ein «modell» for vårt. Vi må leve med våre feil og manglar, men alle kan vi gjere noko for å gjere verda betre. Eg vil peike på nokre, som sjølv sagt heller ikkje var utan feil, men som likevel fekk gjort veldig mykje til det beste for verda.

Lat meg starte med den norske presten, **Kjell Grønner** (f 1935). Han grunnla den fyrste, norske Ten Sing-gruppa i 1967, og i dei næraste åra etterpå spreidde rørsla seg til heile landet, og fleire hundre grupper vart danna. Ten Sing Norway kom til etter kvart, og no finst det ten sing-grupper i heile Europa, i Asia, Afrika og USA. Alt på grunn av mannen som fann ein veg til å nå unge menneske med den kristne budskapen. Stryn har hatt ten-sing kor sidan fyrst på 70-talet, lenge var det 50 medlemmer eller meir, i dag rundt 20, framleis eit trygt, kristent miljø for ungdom.

Ein annan som brann for born og unge, var engelskmannen **Robert Baden-Powell** (f 1857), som starta speidarrørsla fyrst på 1900-talet. Han ville skape gode og utviklande miljø for gutar frå alle samfunnslag gjennom ein fritidsaktivitet der dei kunne utvikle seg til ansvarlege menneske, med omsyn til alt som lever. Dette er grunnlagt ut frå Guds gode vilje med verda. Valspråket til speidarane er «Alltid budd». Ideen spreidde seg fort og i 2020 var det 60 millionar speidarar i meir enn 200 land i verda. I Stryn har det vore speidarar sidan fyrst på 20-talet, på det meste 200 medlemmer, i dag om lag 80.

Kyrkjene i verda har alltid hatt omsorg for fattige, sjuke og undertrykte. Engelske **Florence Nightingale** (f 1820) var forløparen for moderne sjukestell. Under Krimkrigen redda ho mange liv ved å innføre mellom

anna god hygiene, næringsrik mat og frisk luft. Det førte til ein revolusjon innan sjukepleie. **Mor Theresa** (f i Makedonia i 1910) er kjend for arbeidet ho gjorde mellom dei fattige i Calcutta i India, der ho budde midt mellom dei og brukte all si tid på å lindre, trøyste og pleie. I Egypt finn vi i dag **Maggie Gobran** (f 1949), eller Mama Maggie, som blir kalla Midt-Austen sitt svar på Mor Teresa. Ut frå hennar arbeid har det vakse fram ein organisasjon som syter for helsesjekk, mat og skuletilbod for menneske som lever i slumområde i Egypt og i Sudan. Alle desse tre grunnga arbeidet sitt med kallet dei opplevde å ha fått frå Gud. Dei har alle vakse opp i kvar si kyrkje, og lært å kjenne kjærleiksbodet som Jesus heldt så tydeleg fram.

I Latinamerika finn vi **Rigoberta Menchu Tum** (f Guatemala 1959) og erkebiskop **Dom Helder Camara** (f Brasil 1909), begge trygt planta i den katolske kyrkja. Begge var aktive i motstandsørsla mot militærdiktaturet i sine heimland. Menchu engasjerte seg i kvinnesaka og i kyrkja sitt hjelpearbeid for flyktningar. Camara organiserte fattige i sjølvhjelpsgrupper og som erkebiskop oppfordra han alle biskopar til å gi avkall på rikdom og slik redusere avstanden til arbeidarklassen. Særleg Camara er kjend som ein av dei som fronta den såkalla frigjeringssteologien. Den tek utgangspunkt i Jesus, som alltid stilte seg på dei svake og undertrykte si side, mot maktapparatet rundt dei.

Frå Afrika er det naturleg å trekkje fram biskop **Desmond Tutu** (f Sør-Afrika 1931), som under heile apartheidperioden heldt kyrkja si open for både svarte og kvite, trass i pålegg om det motsette, frå styresmakterne. Då apartheidlovene vart oppheva vart Turu leiar for sannings- og forsoningskommisjonen der både svarte og kvite fekk ta eit oppgjær med brotsverk og vald dei hadde gjennomført. Tilgjeving vart viktig. Slik kom landet gjennom denne tida utan eit blodig oppgjær. Tutu er kjend for å ha lansert omgrepet Regnbogenasjonen om landet sitt, noko som understrekar bibelen sine ord om likskap og rettferd for alle menneske.

Desse kan vi lese om i bøker og på nettet, med rette har mange av dei fått fredsprisar og anna merksemd. Vi må likevel ikkje gløyme den innsatsen kvar av oss gjer for å skape ei betre verd. Alt det gode vi gjer, heime, på nettet, i bygda eller i større samanheng, hjelper. **Jesus sine ord er ei god rettesnor, også i vår tid.**



Digital illustrasjon etter inspirasjon av "De fire guddommelige døtre" i Nidarosdomen sin vestfront.  
© Magne V. Kristiansen 2024

## Gunnhild Bergset har skrive om «Søster RETTFERD»

«Det e ujettfeldig!!» 2 ½-åringen ropar det ut og knytter neven opp i lufta. Akkurat slik kjennest det for dette menneskebarnet, - der og då. Og kjensler er ikkje rette eller galne, dei berre ER. Sansen for rettferd og urettferd er tidleg utvikla hos dei fleste. Ofte subjektivt basert, og det skulle berre mangle når det gjeld barn. Det er litt annleis når den måten å takle rettferd på trenger seg langt inn i dei politiske korridorar. Men eg har sett born langt ned i barnehagealder som evnar å fremje rettferd på vegne av andre. Begge deler er viktig: både å stå opp for seg sjølv og for andre.

I Magnus Lagabøte si lov om kristenretten, der dei «4døtre», våre viktige verdiar, blir omtala, heiter det at rettferda skal sjå til at urett ikkje gjer skade på domen. Kva betyr så det inn i vår tid og inn i vår kvardag? Kanskje noko så kvardagsleg som at vi ikkje trur blindt på det som blir servert i media og på digitale sosiale plattformer utan å stille kritiske spørsmål og å sjekke opp kjeldene. Eller at vi tek del i pipekoret som førehandsdømer menneske som ikkje har fått verken forkla- re seg eller forsvare seg og lenge før lov og dom har sagt sitt.

Rettferd heng nøye i hop med sanning, -men kor mange er det ikkje som påberopar seg å kjenne sanninga? Rettferd i rettssalen er ein balansekunst på line. Ein rettferdig dom er avhengig av ærlegdom og sanning.

Rettferd i den globale salen handlar om vilje til å sjå også den urettferda som peikar på oss sjølv som medansvarlege for urettferda som er begått, både som individ og som del av eit globalt samfunn. Vi må vere villige til å utvide perspektivet vårt og lese historia med rettferdsprege auge for å fatte at det har skjedd stor urettferd når det gjeld fordeling av ressursar og gode på jorda. Mellom nord og sør,- mellom aust og vest.

Symbolet for rettferd i kristenretten er vektskåla. Der skal rettferda fordelast. Det er ikkje alltid vektskåla heng mest i vater når det er likt fordelt. For rettferd er ikkje matematikk. Det seiest at kvaliteten av ein kultur eller eit samfunn skal målast utifrå korleis den svakaste eller den minste i samfunnet blir ivareteken; - den som ikkje kan krevje eller forsvare sin rett sjølv. Å vere stemme for dei stemmelausa er ei medmenneskeleg plikt. Den som har mot til å ta den minste i forsvar, handlar etter bergpreika der Jesus seier: «*Sæle er dei som hungrar og tørstar etter rettferd, dei skal bli metta!*» Gud står på den svakaste si side. Vil vi stå saman med han? På den sida er det god plass. Der kan vi rekke hendene våre fram i rettferdskampen både i små og store fellesskap.

## Jarle Hessevik har skrive om «Søster MISKUNN»

Frå tidlegare lover og rettspraksis m.a. frå Island, var det kristenplikt å hjelpe dei fattige. Dette var ei haldning som hadde modna over tid og kongen tok dette med i lova. Kongen meinte truleg at det var ei plikt å gjere livet for dei fattige lettare og grunn gav det med den kristne tanken om at alle treng Guds miskunn og at ein difor skulle vise miskunn mot dei fattige dersom ein sjølv ville ha miskunn frå Gud. Lova tok spesielt omsyn til hjelpe-trengande og menneske utan makt, - til kvinner, barn og fattige.

Lova er full av detaljar som regulere kvardagslege saker. Det står m.a. at «No skal ein gje fattigfolk husly om natta, og ikkje jage dei ut etter at sola har gått ned. Men dersom nokon bryt denne forordninga om fattigfolk, då er han skyldig til å bøte slik det før er sagt, og gå til skifte og bøte for Gud for at han ikkje ville hjelpe eit kriste menneske».

Ser vi på innhaldet, må det forståast slik at lova representerte eit nytt menneskesyn. Lova gjorde det muleg å ta omsyn til dei svakaste, og straff og bøter skulle tilpassast kva føresetnader kvar hadde for å gjere opp for seg. M.a. slår lova fast at den som er svolten og stel mat for å berge livet, ikkje skal straffast for det. Arbeidsføre tiggjarar hadde ikkje same vernet. Slik sett er vi langt inne i den noverande samfunnsdebatten om velferdssta-

ten, og kven som er «verdige» sosialhjelpsmottakarar kva for flyktingar skal få kome inn i landet og om kvar skiljet går mellom felles ansvar og å vere sin eigen lukkesmed.

Det er ikkje rart nokon har gitt han namnet: Den norske «fransiskanarkongen» - for han såg folk, både fattige, sjuke og kvinner.

I det norrøne språket betyr miskunn «det å ikkje skulde ein for noko» og «å tilgje».

I Bibelen blir «vise miskunn» brukt for å forklare at Gud legg bort kunnskapen om våre synder og våre sviakt. Når vi viser miskunn mot eit medmenneske, legg vi bort det vi veit om vedkommande og våre fordømmar, - og elsker «nesten din» som han eller ho er.

Forteljinga om Jesus og kvinna som skulle steinast for ekteskapsbrot, er kanskje det tydelegaste vitnemålet om miskunn: «*Var det ingen som fordømde deg? Så dømmmer heller ikkje eg deg*».

I gudstenesta ber vi vår «Kyrie eleison», som betyr «Herre, miskunne deg». Vi ber om Guds tilgjeving og nåde og dette er helsinga vi får: «*Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss*». Sal 103,11-12

At dette ein gong vart mønster for ei norsk lov, er nesten ufatteleg, men desto meir å glede seg over.

Eg snubla ein gong over ein kort YouTube-film frå ein rettsal i USA. Det finst fleire liknande. Dommaren Frank Caprio felte ein svært mild dom over ein ungdom som var tiltalt for nokre «uheldige episodar». På spørsmål om kvifor, sa han dette: «Eg ønskjer å hjelpe unge til å tenkje, slik at dei kan forandre framtida si. Eg har ikkje eit skilt under kappa, men eit hjarte».

Kanskje han tenkte som kong Magnus i år 1274; at vi har ei plikt til å ha særleg omsyn for dei minste og svakaste, også i domsavgjerdar.

*Framhald neste side*



Stillbilde YouTube

Vi kan vel kanskje seie at kong Magnus hadde eit særleg perspektiv, grunngeve i si kristne tru. Han innleia lova si med følgjande helsing: **«Magnus, med Guds miskunn Noregs konge, som vi sender (lova) til dykk på den måten som ho seier, i det vi lit på vår herre Jesu Kristi miskunn».**

## Magne V. Kristiansen har skrivne om «Søster SANNING»

I det gamle vikingsamfunnet sto det om æra. Det kunne vere meir tarveleg å stele enn å drepe. Folk i blodhemnen si tid hadde plikt til å rette opp ubalansen mellom klanar og ætter, folk kunne verte avliva på staden om saka låg oppe i dagen. Dessutan, det var lov å forsvare seg. Tjuveri derimot ble som regel gjort i dølgsmål og ein kunne heller ikkje spontant verne seg mot det, det var feigt og dei gamle nordmenn såg med forrækt på den slags.

Når saker skulle avgjerast på tinget fekk du hjelp av klanen. Ved alvorlege brot kunne bota verte mykje høgare enn brotsmannen kunne makta, difor var det klanen måtte betale t.d. 40 kyr som ei passende bot. Ein var ikkje oppteken av kva som var den objektive sanninga. Det gjaldt å bli samde ættene mellom, ha gode vener, ha pengar nok til å betale seg ut av uføret. Retten kunne vinnast av den som hata og truga, og gjekk saka i lås eskalerte konflikten. Dei sterkaste vann.

Då kristenretten slo rot utover i mellomalderen var dette uakseptabel rettspraksis både for kongen og kyrkja. Høg og låg var klar over at den høgste domar er Gud som kravde sanning, ikkje bestikkingar frå mektige hovdingar, rettfærd ikkje trugsmål, miskunn ikkje griskheit, fred ikkje hemn. Samvitet sto no ansvarleg overfor Gud, alt var nakent og bart for hass auge, han som kallar seg sjølv Sanninga. Difor var det maktpåliggande for kongen at avgjerdene blei rettfærdige, sanne, mis-kunnsame og munna ut i fred. Berre då kunne styresmaktene rekna med Guds velsigning over land og folk. For også kongen hadde ein Konge over seg som ein dag skulle dømme vonde og gode.

Inkje nytt under sola som vise kong Salomo seier: "Utpressing gjer den vise til dåre, å la seg kjøpa forder var hjartet." Fork7,7. Vi snakkar om den farlege venskapen slik profeten Jesaja seier: *«Stormennene dine er opprørarar, dei held lag med tjuvar. Alle elsker stikkpengar og jagar etter gåver. Dei forsvarar ikkje den farause og fører ikkje enkjers sak.»* Jes 1, 23.

Rettsstenkinga som kom med Lagabøters lov har landet vårt nytt godt av i 750 år. Enn så lenge er vi spart for

aggressiv korrupsjon og terror, sjølv om vi og tidvis tek ein og annan minister i lygn og manipulering. Nett no veltar det inn med fake news og AI-genererte nyhende, plagiat av masteroppgåver og biletmanipulasjon. Og det går eit sukk gjennom oss alle. No sist høyrde eg om unge og voksne som har slutta å høyre nyhende. Ein stolar ikkje lenger på at det som vert presentert er sanning. Også dei store mediehusa er styrte av "vener", av grådighet og mesking i folk sin ulukke.

Ein har altså det som motsvarar Guds skjønne døtre (som dei og kallast). På folkemunne kallast dei «dei fire horungane»: Vener (bestikkingar), griskheit, trugsmål og hemn. Vi har følgd statsleiarar i aust og vest med forskrekking, nokon lyg openlyst, andre er meir raffinert i sine lygner og dei har sine metodar i rettsapparatet.

Skal ein makte sanninga, kan vi aldri gløyme samstundes å vere forbarmande i våre domar. Kven orkar sanning der nåden teier? I desse dagar skal vår lovgjevande forsamling gje fleirtal til ein lov som Magnus Lagabøter knapt ville gå med på, han som reiste eit vern rundt både det ufødde og fødde livet, dei svake, dei avmektige og dei gamle. Han er mild mot dei fattige. I lova syner han forståing for deira desperasjon. Overfor den som stel er det som han vil gå både ein og to mil før han etter tredje mila seier - no er det nok.

Victor Hugo skreiv "Dei elendige" i 1862 der han fortel om Jean Valjean som vart sett i fengsel i 4 år p.g.a. tjuveri av eit stykke brød. Til saman blei det 19 år i tukthus og på galeien. Dette var i revolusjonane og opplysinga si tid. Dette ville aldri skjedd i mellomalderen då kong Magnus laga eit lovverk som heile vegen har den fattige i augekroken.

**Han forstod det kong Magnus: Sanning utan nåde er brutalitet. Nåde utan sanning er sentimentalitet.**



Utsnitt av spelomslag/PS

## Knut Gjengedal skriv om «Søster FRED»

Fred er eit viktig omgrep i Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. Det er ei av dei «fire Guds døtre» eller dygder som var viktig i ei domsavseiing. Fred skal sjå til at ikkje for harde domar blir felte i vreide. «Guds fire døtre» er henta frå Salme 85,11: *«Miskunn og sanning skal møta kvarandre og rettferd og fred skal kyssa kvarandre.»* Fred kjem frå norrønt - friðr – som betyr kjærleik og er beslekta med ordet fri.

Dei 4 «døtrene»/dygdene var ein suksessfaktor for landslova og som gjorde at ho vart gjeldande i mange hundre år. Truleg kunne dommarane overprøve lova om ho fekk urimelege utslag. Dagens lovverk har ikkje ei slik ordning. For å finne gjeldande rett er likevel ein av fleire rettskjeldefaktorar «reelle omsyn», men denne er ei svak rettskjelde. Når det gjeld fred og at ikkje for harde dommar vert trefte, så er dette i hovudsak innbakt i eit detaljert lovverk og omfattande rettspraksis. Vi finn spor av dette i straffelova paragraf 78. Det skal takast omsyn i straffeutmålinga dersom tiltalte vert særskilt hardt råka av ei straff, t.d. sjukdom og rehabilitering.

I våre mellommenneskelege relasjonar blir vi ofte utfordra og vi kan t.d. kome i skade for å skape ufred med orda våre. Jakob, Jesu bror, skriv i brevet sitt i Bibelen om verknaden av orda våre: *«På same måten er det med tunga: Ho er ein liten kroppsdel, men ho kan skryta av si store makt. Ja, ein liten eld kan setja den største skog i brann! Men tunga er òg ein eld, ho er ei verd av vondskap mellom lemene våre...»* (Jakob 3,5f) Og: *«Med henne lovprisar vi Herren vår Far, og med henne forbannar vi menneska som er skapte i Guds bilde. Frå same munnen kjem det både lovprising og forbanning. Slik må det ikkje vera, mine sysken!»* (Jakob 3,9f)

Jesus seier i Bergpreika: *«Sæle dei som skapar fred, dei skal kallast Guds born.»* (Matt. 5,9) Ordet som Jesus brukte for fred er `sjalom`, som ofte vert brukt som helsing: Fred vere med deg eller måtte du ha det vel! I `sjalom` ligg det meir enn fråvære av krig, men t.d. velvære, tryggleik, harmoni eller venskap. Det tilsvarande ordet på arabisk er `salaam`.

Tenk om vi i større grad kunne fokusere på det positive med kvarandre, slik den positive lov gjer: «Tenk positive tankar, seie positive ord. Gjere positive handlingar og det positive gror». På sosiale media er vi ikkje alltid så flinke og kan i diskusjonar kome i skade for å ta «mannen i staden for ballen.» På facebook er vi flinke når nokon har gebursdag. Då er det mange fine og positive ord til den som fyller år.

Når vi skal jobbe med å skape fred, bør vi begynne med oss sjølve i våre familiar, på våre arbeidsplassar og i våre nærmiljø. Det står ikkje i motsetnad til å arbeide internasjonalt. Her viser t.d. FN veg. Særleg peikar FN-charteret på spørsmål om fred, bruk av makt og vald, og definerer FRED (lat. PAX) som fråvære av krig og usemje, men fokuserer også på grunnleggjande menneskerettar og miljøaspekt. FN ynskjer å løyse konflikhtar med fredelege middel. Også vår eiga regjering arbeider målretta for å skape fred.

Til slutt vil eg nemne at vi også skal få lov å be om fred. Salmisten i det gamle testamentet seier: *«Bed om fred for Jerusalem. Må dei som elsker deg, leva trygt!»* (Salme 122,6) Og framleis er det behov for å be for situasjonen i Israel og Gaza, slik biskopane i DnK har oppfordra oss til: *«Vi ber om fred for Jerusalem og for alle som knytter sine håp til denne byen. For israelere og palestinerne som lider. Gud, la de mektige lederne besinne seg! Fyll dem med mot til å skape fred! Vær skjold og vern for alle som blir angrepet i denne krigen. Må rettferdig fred bli virkelighet. Gud, hør vår bønn!»*

Og Frans av Assisi, som trass i at han levde for 800 år sidan, framleis inspirerer menneske over heile verda til å arbeide for fred: *«Herre, gjer meg til ein reiskap for din fred. Hjelp meg å spreia kjærleik der hatet herskar.....»* SHALOM!



Foto: Pixabay

# Verdiåret 2024

LANDSLOV  JUBILEET  
1274 2024

MOSTER **1000** 2024

Kyrkjeklokka har spurt speidarar, konfirmantar og foreldre:

## Kva er viktige verdiar i det norske samfunnet i dag?

Vi spurde kva verdiar har vi i det norske samfunnet i dag som vi set stor pris på og gjerne vil verne om?

For konfirmantane måtte vi ta ein runde og peike på at vi tenkte på andre verdiar enn dei materielle; stort hus, pengar i banken, fin moped osv.

Det vart litt vanskeleg for somme, men når dei fekk tenkt seg om, kom det fleire gode innspel.

- Familie, venner og fotballaget
- Å skape fred
- Ærlegheit
- Vern om naturen
- Gudstru
- Naturen

- Ytringsfridom
- Hjelp til dei som treng det
- Respekt
- Tryggleik - at ein kan stole på kvarandre
- Å bu i Norge

Vi spurde også nokre foreldre og det var ikkje langt frå at vi fekk same svar:

- Familie og venner
- Likestilling
- Tryggleik
- Å leve i eit samfunn der ein blir teken vare å
- Tradisjonar

*Ei av gruppene på «konfirmantdagen» som vart utfordra på verdiar å ta vare på.*

*Foto: J.Hessevik*



Vi har også bede nokre vaksne i området om å skrive kva dei ser som viktige resultat av Kristenretten.

## Margaret Venøy Flo:

Innføringa av Kristenretten vart eit viktig ledd i Noregs nasjonsbygging. Dei nye lovene breidde seg over heile landet, og har etter kvart gjeve oss stemmerett for alle, respekt for individet, rettsstat, uavhengige domstolar/medbestemmelsesrett.



Frå konfirmantoverhøringa. Foto: Kyrkja

Og kvar står vi i dag, her vi bur i eit av verdas beste land? Vi har kome ein lang veg på desse 1000 åra, og likevel ser vi rundt oss mykje liding og utanforskap, vi les dagleg om vald og drap, griskheit og maktmisbruk. Våre felles verdiar må vi saman alltid forsvare, vi må sjå kvarandre og prøve å gjere livet betre for alle. Og her står kyrkja trygt som ein samlande stad der ein kan møtast til sorg og fest, både gamle og unge, kyrkja er limet

som held folk saman. Det gjev stor tru på framtida når ein ser og høyrer glade born som syng av full hals i kyrkja, og gjer seg kjent med bibelhistoria. I Moster-kyrkja er bibelhistoria måla på veggane, då folk ikkje kunne lese for 1000 år sidan, der er i alle fall framgangen tydeleg i dag!

## Berit Hisdal Lunde:

1000 år er lang tid, og dei gode intensjonane om å ta vare på menneskeverdet og fred og samkvem, har sivilisert oss. Vi er blitt siviliserte menneske. Kristenretten vart m.a. bygd på Jesu ord kloke ord om å vende det andre kinn til. Eg vil kalle det ein grunnstein i kristen-trua, og den grunnsteinen sette punktum for blodhemn. Til dagleg tenkjer vi ikkje over kor mykje det har å seie for forholdet vårt til andre menneske. Vi er privilegerte som har vakse opp i eit samfunn der ein slik grunnstein som: «vend det andre kinn til», er blitt ein eigen grunnlov for oss. Dei kloke orda har gjennomsyra ikkje berre kristenretten, men også Magnus Lagabøter sine lover. Du skal ikkje lenger ta hemn. Du skal ikkje lenger bruke vald. Du skal bruke andre midlar for å oppnå rettferd. Og så langt er alt «såre vel». For når eit folk sluttar å slåst og legg grunnlag for ei positiv samfunnsutvikling, er mykje oppnådd. Vi har velferdsordningar, arbeidsplassar, skular og barnehagar;.... Ja, oljeinstallasjonar og oppdrettsanlegg også. Men mista vi noko på vegen? Eg

trur vi mista instinktet vårt. Det som fortel oss at no har vi gått for langt. I strevet vårt etter almen velferd, utvikling og høg levestandard, (helst for alle), gløymde vi å sjå etter om våre reglar, lover og rettar passar inn i naturen vår. For kva er våre personlege rettar? Jo, dei er rettar som du har til eit godt liv. Det var det som var essensen då kristenretten vart innført som ei rettesnor for 1000 år sidan. Og det held vi fast ved framleis. Det skulle vere rettferd og fred i landet vårt. Og det har vi no. Vi er utruleg heldige, (og kanskje kloke?) som har greidd å oppretthalde eit demokratisk lovverk, basert på kristen-trua sine grunnsteinar og det gamle lovverket frå Magnus Lagabøter si tid. Sjølv sagt er det kome til mange

*framhald*



Foto: Berit H. Lunde

andre lover, og den moderne tida krev sitt av reglar for korleis naboar skal vere mot kvarandre. Dei skal vende det andre kinn til. Det heiter ikkje: «auge for auge og tann for tann». Kristentrua er basert på tilgjeving; ikkje på hemn.

Men på eit eller anna tidspunkt har den siviliserte verda, der menneskerettane er så sterkt framheva, gløymt at det er naturen kring oss som burde setje ein standard. Vi vil bli rike, vi vil ha ein lettare kvardag, kose

oss, vere sorgfrie. Og så har desse krava fått ting til å gå over styr. No ropar naturen på oss. Den ønskjer at vi skal leve i samsvar med naturlovene, ikkje på tvers av dei. Dei neste 1000 åra bør gi rom for å leve meir i samsvar med naturen. Og så får lover og reglar og nettverk byggjast om etter kvart. Likevel skal vi sjølvstekt feire. Norge er eit fritt og godt land å bu i, og kristenretten skal ha sin del av æra for det.

## Hege Heggheim Ulvedal:

Det vart ei stor omlegging i norsk kultur då kristenretten vart innført for tusen år sidan. Frå å vere eit folk der auge for auge og tann for tann, altså den tradisjonelle hemntanken, var måten ein løyste (eller heller auka) konflikter på skulle ein no løyse konfliktane gjennom lov og rett. Både born og kvinner fekk høgare status og nye rettigheter. Det kristne menneskesynet, at alle menneske er skapt av Gud og like mykje verdt, var utgangspunktet for denne endringa.

I desse tusen åra som er gått sidan har både kyrkje og stat gjort seg skuldig i krenking av menneske og slett ikkje hatt det kristne menneskesynet for auga i alle samanhengar. Samfunnet har endra seg, menneska har endra seg, kulturen har endra seg og også kyrkja har endra seg, om enn gjerne noko seinare enn resten av samfunnet.

Det er vel gjerne to grupper ein tenkjer på når ein snakkar om slik krenking av menneske, - det er kvinner og homofile. At kvinner til eksempel ikkje kunne vere prestar i kyrkja var sårt for mange. Vi ser i dag eit lite mindretal som framleis meiner dette, og dei tek utgangspunkt i Bibelen og Paulus sine ord om at kvinnene skulle teie i forsamlingar. I den kulturen der Paulus levde var dette heilt naturleg. Dersom ei kvinne tala i ei forsamling vart det større oppstand og opprør enn om ho var stille. Dei kristne måtte ikkje skape «bråk» rundt kyrkja si, og heldt kvinner vekke frå situasjonar som kunne yppe til bråk. I våre dagar skaper det større opprør om kvinnene blir nekta å tale i offentlege samanhengar enn at dei taler. I vår kultur er det difor eit større tap for kyrkja å hindre kvinnene i å tale. Kulturen har endra seg, og kyrkja måtte endre seg med.

Det same skjedde med homofile. Det er Paulus sine uttaler om eit spesifikt miljø med «utagerande festing» som ligg til grunn for Bibelens syn på homofile. Tidlegare var det å leve som homofil så vanskeleg at det å oppfordre nokon til å leve ut legninga si var det same som



Ill.: Hege H. Ulvedal

å gi dei eit vanskeleg liv. I dag er homofile ein naturleg del av samfunnet og dei lever heilt vanlege liv, mange av dei heilt vanlege familieliv. Dei vil framleis møte fordomar og dårlege haldningar, men det vanlege livet er enklare å leve. Å oppfordre nokon til å leve ut legninga si i dag er no meir ei oppfordring til å vere den du er og leve det livet du vil utan at det er «farleg» slik det var før. Kulturen har endra seg, og kyrkja måtte endre seg med.

Religionslæraren min fekk spørsmålet: «Du som har studert alle verdas religionar, kvifor er du kristen?» Han svarte at for han vart det eit spørsmål kjærleik. «Eg ville vere der kjærleiken er». Og kanskje er det den viktigaste arven vi har. Vi må ta vare på det kristne menneskesynet: At alle er skapt like av Gud og at vi er like mykje verdt. OG SÅ MÅ VI LEVE ETTER DET! Vi må halde hovudet klart og hjartet varmt og passe på at kristendomen og kyrkja framleis kan vere der kjærleiken er!

# Evangeliet, fattigdom og lovverk: spor etter Frans av Assisi i Magnus Lagabøtes Landslov

Av Hege Høybye

Et kjennetegn ved Jesus undervisning i evangeliene, er at han snur opp-ned på den sosiale ordenen i samfunnet. De som er utstøtt eller på bunnen av samfunnet løfter Jesus opp som de øverste i Guds rike. De siste skal bli de første. De minste skal bli de største.

Dette er kanskje noe av det som er vanskeligst å leve etter som kristne i et samfunn. Det er som om vi, som et samfunn, ikke klarer å la være å sette noen høy og andre lavt, gi mer verdi til noen og mindre til andre. Og det er nesten uten unntak de med makt og rikdom vi setter høyt. Vi ser det gjennom historien, og vi ser det i vår egen tid. Men av og til får vi glimt av hvordan det gudsrrike som Jesus forkynte, kan se ut.

I året 1182 ble Frans født i byen Assisi i Italia. Han var sønnen til en rik kjøpmann, og både faren og han selv hadde drømmer om at han skulle bli viktig og betydningfull. Det skulle han bli, men ikke på den måten de hadde sett for seg. For Frans fikk et kall, og i dette kallet var det nettopp den omvendte gudsrikes orden som Frans fikk oppleve.

Frans sitt kall kom i flere etapper, men det er én opplevelse som han selv trakk frem i sitt testamente, og det var møtet med de spedalske. Han var redd og følte avsky for spedalske, men etter et møte med en spedalsk, der han opplevde å møte Gud i den spedalske, så forandret det seg. Avsky ble vendt til glede. Når Frans senere stiftet en munkeorden, så var arbeid blant de spedalske en viktig del av brødrenes arbeid. Så viktig var dette møtet for Frans at alle nye brødre måtte arbeide ved spedalskysykehus som en del av innføringen i ordenen.

Frans sin vei til et liv med Gud, i etterfølgelse av Jesus, var å søke seg nedover. Til de fattige, til de utstøtte og de nederst i samfunnet. Ikke bare som et veldedig arbeid blant dem, men ved å dele deres kår, til å skulle bli en av dem. Han brøt med faren, og farens rikdom. Han insisterte på å ikke skulle eie noe, og at hans orden ikke skulle eie noe. Hans brødre skulle være de minste, og Mindrebrødrenes orden – Ordo Fratrum Minorum – er fremdeles det offisielle navnet til Fransiskanerordenen. Målet var å leve etter evangeliet, og slik Frans så det, betydde det å leve i fattigdom, som de minste i



Foto: Shutterstock

samfunnet. Han ville leve i dette opp-ned samfunnet som Jesus beskriver, for der fant han Gud.

Kanskje ironisk, men kanskje like mye som et tegn på den kraften som finnes i evangeliet, så ble Frans en av de store, viktige helgenene, like til i dag. Han er mer kjent enn han ville vært om han hadde fulgt farens eller sine egne ungdomsdrømmer. Frans

sin levemåte og forkynnelse inspirerte bredt, ikke bare som eksempel i enkeltmenneskers liv, men også på samfunnsnivå.

Mindrebrødrenes orden spredde seg raskt i Europa. Bare 22 år etter Frans sin død blir det første fransiskanklosteret i Norge etablert – i Bergen i 1248, og det var her at Magnus Lagabøte fikk opplæring.

Professor Jørn Øyrehagen Sunde har lagt stor vekt på Magnus Lagabøtes kontakt med fransiskanerne, og har i bl.a. foredrag og podkaster sett spor av fransiskanske tanker i Landsloven av 1274. Det mest opplagte ligger i lovene som omfatter fattige, og omsorgen for de fattige. Omsorgen for de fattige er grunnleggende i Frans' liv, og Magnus innfører lover som pålegger samfunnet et ansvar for å ta vare på de som ikke kan forsørge seg ved arbeid. En fattig som ikke kunne arbeide, skulle for eksempel ikke straffes for å stjele mat.

At vi som felleskap har ansvar for å ta vare på de som nettopp faller utenfor – de fattige og syke – kommer fra evangeliene. Det var en fremmed tanke at vi ikke bare har ansvar for familien, men for alle, fordi vi alle er Guds bilde. I dag er tanken ikke lengre fremmed.






Foto: Geir Ståle Vatnamo

## Innvik kyrkje 200 år, 28.juli 20204

### Helsinga frå tidlegare prost i Nordfjord, Rolf Schanke Eikum

Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far og Herren Jesus Kristus!

Gratulerer med 200-årsjubileet for Innvik kyrkje!

Prost Mari Saltkjel spurte om eg vil vere fungerande prost denne jubileumsdagen då ho er på ferie. Og som gamal prost i 26 år her i Nordfjord, så takka eg ja til det.. Eg skal helse og gratulere så mykje både frå prost Mari Saltkjel og frå biskopen i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen.

Mitt namn er Rolf Schanke Eikum, og eg hadde mi første teneste her i Innvik kyrkje for 30 år sidan, mai 1994. Då var det bispevisitas her i Innvik med biskop Per Lønning. Eg hadde innleiinga på visitasgudstenesta og presenterte meg med å seie at Meister – Jo, Jon Schanke, var min 8.tippoldefar, og han var sokneprest i Innvik og prost i Nordfjord frå 1597 og til han vart halshogd her i 1618. I ei bok om kyrkjene i Sogn og Fjordane blir han omtala som «den verste presten her i landet etter reformasjonen» - litt av ein «ærestittel»! Og eg fortalde litt om Meister-Jo sine «meritter» og prøvde å skremme

kyrkjelyden med å seie at no gjekk han igjen i den nye prosten som også bar Schanke-namnet. Etter gudstenesta kom dåværande ordførar, Oddvin Drageset, bort til meg og skulle trøyste meg og sa: «*Nei, det var ikkje meister Jo som var den verste, det var kona hans, Magdalena det!*» Då ler biskop Lønning høgt og seier: «*Du har det dobbelt, du Rolf!!*»

Fotopresten i Stryn, Olav Jakob Tveit, kommenterte dette slektskapet i Nordfjordboka si og skreiv at han vona at lagnaden til den nye prosten vart betre enn hans slektning. Eg kom i alle fall frå det med livet - så langt... Og det hadde også Meister-Jo gjort om han levde i vår tid...

Mellom dei eldste tinga som er bevart i denne 200 år gamle kyrkja er eit dåpsfat frå år 1600 og preikestolen frå år 1617, begge teke vare på frå gamlekyrkja. Og begge to vart gjeve på den tida Meister-Jo var prest her. Vi veit at preikestolen er ei gåve frå Meister-Jo, og han var rik då han kom til Innvik. Så utan å ha undersøkt det. så ser eg ikkje bort frå at han også hadde ein finger med når det gjaldt dåpsfatet. Men sjølve døypefonten er frå 1923. Og dåpen er gjerne vårt første møte med kyrkja. Der vart vi teikna med det heilage krossmerke som eit

teikn på kven vi skulle tilhøyre, -den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus. Vi vart fødde på nytt i dåpen som både er inngangen til kyrkjemedlemskap og fellesskapet med den treeinige Gud. Vi vart Guds barn, ufortent, berre av nåde.

Preikestolen i ei Luthersk kyrkje skal vere plassert slik at alle skal sjå og høyre det som blir lest og forkynt frå preikestolen. Frå gamalt av skulle alltid evangeliet lesast frå preikestolen. For det som skulle forkyntast frå preikestolen var Guds ord i lov og evangelium. Det skal vere mat for vårt åndelege liv, det livet som vart fødd i dåpen. «*For mennesket lever ikkje berre av brød, men av kvart ord som kjem frå Guds munn*», seier Jesus i Mat. 4.4.

Og kva sentrum i evangeliet er, ser vi i fortellinga om den bortkomne sonen, der slasken som hadde sløsa bort farsarven i sus og dus mellom horer og dårlege vener, han vart teken imot med opne armar og det vart fest og glede då han kom heim til faren. Ufortent, berre av nåde slik Paulus seier det i Ef. 2.8; «*Av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve. Og det kviler ikkje på gjerningar, så ingen skal rosa seg*».

Og denne nåden for slaskar og syndarar er eg avhengig av, slik som Meister-Jo var avhengig av den.

Og denne nåden er tilgjeving for syndarar for Kristi skuld. Og denne ufortente nåden blir forkynt som Guds levande ord både gjennom dåpen, gjennom nattverden og frå preikestolen.

Difor er det håp for oss alle. Og dette er det viktig å formidle både til oss som lever i dag og til nye generasjonar, slik vi skal synge seinare i gudstenesta:

*Guds ord det er vår fedrearv,  
til borni skal det ganga.  
Den ætt som kjem, lik den som kvarv,  
ved ordet trutt skal hanga.  
Gud, gjev òg oss den ros:  
Ditt ord det er vårt ljøs!  
Så lenge verdi stend,  
det lyse i vår grend,  
Som ervegull i ætti!*

Lukke til med å ta vare på denne Gudsord-arven som Innvik kyrkje er bygd for, og som kan gje åndeleg mat, hjelp, trøyst og håp til alle som kjem innom! Så bruk kyrkja ofte!

Med ynskje om Guds signing over kyrkjelyden og den einskilde i åra som kjem!

*Prost emeritus,  
Rolf Schanke Eikum*

## Sommarkonsert i Olden gamle kyrkje

Som tradisjonen tru var det også I år konsert i Olden gamle kyrkje på Oldedagane. I år var det kortreist musikk frå Mona Jill Band.

I riktig gamle dagar hadde det kanskje blitt notert i kyrkjeboka, at det i kyrkjebenkane var tendensar til dansing blant dei oppmøtte. Olden Sokneråd kjem ikkje til å følge opp saka, då bandet tross alt er kjent blant det store dansepublikum, landet rundt. Dei har dessutan eit godt repertoar innan country, dans og gospel, der tekstane ofte spelar på det menneskelege i oss, kjenslene våre.

Musikk har vore til stor hjelp for mange på det psykiske plan, - finne ord på det ein måtte stri med.

Bassist Bjarte Haugen og gitarist Dan Mikal Ulltang, sendte ut bølger av rytmiske tonar mellom kyrkjebenkane. Og på vokal den alltid smilande Mona Jill.

Ein dyktig vokalist som har god kjemi med folket.

Manager Rogeir Haugen kom med litt informasjon om kvar låt, utspring og tankar rundt låta. Ein god konsert på alle måtar I Olden gamle kyrkje.

Dei nitti oppmøtte var samstemde I sin dom gjennom applaus og trampeklapp. Soknerådsleiar Gro Birgit Egset takka bandet I beste ordelag, og nok eingong vanka det sjokolade på aktørane.

*Tekst og foto: Arild Hafsås*



# Ljosheim kapell

## 100 år

Av Solveig Aaberg

Da Oldedalen Heimemisjonslag vart starta i 1921, kom tanken om å byggje eit bedehus i bygda. Så langt hadde bygdefolket nytta skulen til møte og samlingar av alle slag, men den vart etter kvart for liten. Da Mykløygarden ga ei høveleg byggetomt, var saka grei, og med pågangsmot og mykje dugnadsarbeid kom arbeidet i gang. Ljosheim vart vigsla 14. nov. 1924.

Så kom tanken opp om ikkje Ljosheim kunne nyttast til kyrkjelege handlingar. Kyrkjereisene til Olden, særleg vinterstid, var ofte krevjande frå den veglause bygda.

Etter vedtak i Olden sokneråd i august 1933 kunne «*bedehuset oppi dalen ordinerast til kyrkjeleg bruk, og i tillegg fire gudstenester om aaret.*»

Arbeidet kom godt i gang, og 22. okt. 1935 vart Ljosheim kapell vigsla til kyrkjeleg bruk med stor stas og glede for oldedølene. Ikkje mindre enn sju prester deltok med skriftlesing og bøn. Ljosheim hadde no fått tilbygg med kor, sakristi og eit lite klokketårn, og altertavle måla av Vilhelm Bjørknes som og var ivrig med i byggeprosessen.

## Altartavla i Ljosheim

Ljosheim vart bygd som bedehus i 1924 og vigsla til kyrkjelege tenester i 1935. Då kom altartavla på plass.

Den er måla av Vilhelm Bjørknes, og syner Jesus der han kjem sigrande mot oss med naglemerkte hender, med inskripsjonen frå Johs. 14.27: «Min fred gjev eg dykk». Det er eit godt bilete å sjå på og som mange har blitt glad i.

Vilhelm Bjørknes var forkynnar og ivrig med i arbeidet for å få Ljosheim Kapell klart. Han har óg måla eit anna sentralt bilete i Ljosheim, med «Jesus i Getsemane», gåve frå familien R.R. Aabrekk.

*Tekst: Solveig Aaberg*

*Foto (altartavla): Jarle Hessevik*




Foto: Lokalwiki

I 1970 - 71 vart koret utvida, inngangspartiet forandra og kjøkkenet flytta og modernisert. Ljosheim er eit naturleg samlingspunkt i bygda, som i tillegg til gudstenester, kristeleg aktivitet, basarar, 17mai og julefestar har nytta kjellaren til både ungdomsarbeid, snikkarkurs og barnehage oppigjennom åra.

Ljosheim kapell står midt i bygda som eit landemerke, og har betydd mykje for folket i Oldedalen i fleire generasjonar.



# Jubileumskonsert i Innvik kyrkje



## Der ingen skulle tru at nokon kunne bu

Ein førjulskonsert om livet på veglause gardar i Nordfjord  
Innvik kyrkje - 9. november kl 18:00-20:00

Ensemble Nordlys er eit prosjekt-ensemble satt saman av musikarar frå eller med tilknytning til Gloppen. Musikarane har i ei årrekke spelt i lag i ulike samanhengar og no funne saman i eit mindre ensemble. I denne konserten vil Oddgeir Bruaset fortelje historier frå Nordfjord frå sine to bøker «På fjellhulle og havstrand – livet på veglause gardar» og «Jul, der ingen skulle tru at nokon kunne bu». Ensemblet NordLys vil saman med Arne Sølvsberg sette musikk til historiene som Oddgeir Bruaset fortel, og som også blir illustrert ved bilete vist på storskjerm.

**Oddgeir Bruaset** er i dag ein svært aktiv pensjonist som er kjent for dei fleste som både journalist, programleiar og forfattar. 1971 starta han å arbeide for NRK Møre og Romsdal, og har jobba for NRK heilt til han i 2014 gjekk av med pensjon. Oddgeir Bruaset har vunne ei rekkje prisar, mellom andre Sunnmørsprisen i 1991, Kringkastingsprisen 1993 og Fylkeskulturprisen i Møre



og Romsdal i 1999. I 2003 fekk han Alf Helleviks mediemålpris for målføringa si i «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu»



I 1996 vann **Arne Sølvsberg** Spellemannprisen i klassa Folkemusikk/ Gammaldans for plata Nordfjordslåttar. I 1994 fekk han Stryn kommune sin kulturpris. I 1990 vart han nominert til Spellemannprisen 1990 for plata Syngjande strenger saman med gitaristen Øyvind Lyslo som også er med i ensemblet NordLys.

### Medverkande:

Oddgeir Bruaset:	forteljar
Arne Sølvsberg:	fele og hardingfele
Øyvind Lyslo:	gitar
Synnøve Nordvik:	song
Håvard Nordvik:	trompet og flygelhorn
Dorothee Raschwitz:	piano og orgel
Jakob Leiv Kroken:	kontrabass og elbass
Thomas Aanonile:	perkusjon og melodisk slagverk
Øystein Eide:	lyd&lys – teknisk

**Billett**ar er i sal frå september på nettstaden

[www.hoopla.no](http://www.hoopla.no)

Skriv inn «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu» i søkjefeltet og vel konserten i Innvik.

**Pris: Vaksne (over 18 år) kr 300, barn kr 150.**

# Min salme

## Rut Torheim

Det er mange fine salmar å velge mellom i salmeboka. Eg har valt ein gamal salme frå 1886. Skrivnen av Carl Boberg:

«O store Gud, når jeg i undring aner Hva du har skapt i verden ved ditt ord. Ser universet med de mange baner Og vet alt liv oppholdes ved ditt bord».

Når eg ser alt det vakre i naturen ein fin somardag, eller går under stjernene ein klår og kald vinterkveld, tenkjer eg: "Dette må det stå ein skapar bak, det kan ikkje vere resultat av ein eksplosjon."

Då denne salmen vart skriven hadde ikkje menneska landa på månen. Vi har sett bilete som er tekne frå verdsrommet. Vår vakre jord er berre ein liten del av alt det skapte. Alt er skapt i eit nøyaktig mønster og i harmoni. Utan denne harmonien i universet ville alt blitt berre kaos. Vi har all grunn til å bryte ut i lovsong: O store Gud, o store Gud!

Det største av alt som er skapt, er menneska. Kvart menneske er eit unikt skaparverk. Tenk, ikkje to menneske av alle dei milliardar som lever på jorda er nøyaktig like. Vi er alle unike. Vitskapen har dei siste åra forska på menneska sit DNA. Også her finn dei eit ufattelleg "univers", i kvar celle i kroppen. Han som har skapt universet og alle menneske, elsker oss så høgt at han gav oss Jesus, som vår Frelsar.

Denne mektige salmen har blitt songen i over hundrede år. Han er like aktuell i dag som då han vart skriven, ja endå meir. Takk store Gud, takk store Gud.



Kirsten Skogstad Johansen blir utfordra til å skrive "Min salme" i neste nr.

*O store Gud, når jeg i undring aner  
hva du har skapt i verden ved ditt ord.  
Ser universet med de mange baner  
og vet alt liv oppholdes ved ditt bord;*

*Ref:*

*Da bryter lovsang i fra sjelen ut:  
O store Gud, o store Gud!  
Da bryter lovsang i fra sjelen ut:  
O store Gud, o store Gud!*

*Når jeg i Skriften ser de mange under  
som Gud har gjort fra første Adams tid,  
og ser hvor trofast Herren alle stunder  
har ført sitt folk igjennom livets strid;*

*Når jeg så vet at Kristus lot seg føde,  
ja, at han gikk omkring og gjorde vel  
inntil han sonet verdens synd og døde  
og oppstod for å frelse hver en sjel;*

*Når så til slutt hvert tidens slør må falle,  
og troens mål er nådd, så jeg får se,  
vil evighetens klokke sjelen kalle  
for tronen mellom skaren hvit som sne;*

*NOS; nr 284*

**«How Great Thou Art»**  
av Carl Gustav Boberg  
(1859–1940) i Sverige i  
1885.

Carl Gustav Boberg var ein svensk salmediktar, redaktør og politikar. Han sat 20 år i Riksdagen, men er kanskje best kjent for å ha skrive salmen «O store Gud».

Salmen «innvandra» til Norge frå USA så seint som i 1956

Elvis Presley kalla salmen sin "favorittsalme"



Foto: Wikipedia



## Livet skal levast - del 2

av Oddny Torheim

Les gjerne del 1 i førre nummer og så vidare her.

Vi skal forvalte det kjenslemessige livet, det åndelege livet og det fysiske livet. Der må vere samklang mellom desse delane.

### Det kjenslemessige livet

Vi er utrusta med mange kjensler. Vi føler kjærleik, glede, jubel, mot, fred og takk, men også sinne, redsel, hat, misunning og mismod m.m.

Nokre av kjenslene er positive. Andre er negative. Dei negative må ikkje få makt.

Ved skrivebordet mitt heng eit lite, gulna avisutklipp. Der står: «*En ting vi aldri får nok av, er kjærlighet. Og den tingen vi aldri gir nok av, er kjærlighet.*» Ordet er skrive av Henry Miller.

Det er godt å ha gode kjensler. Då får sinnet vårt fred og ro, og vi kan formidle det gode til andre.

### Det åndelege livet

Guds kjærleik følgjer oss på alle våre vegar, så lenge vi lever. Kor mykje vi enn trossar hans kjærleik, fornekta og forråder, så er han med.

Det åndelege fyller vi med tru.

Dette året feirar vi og takkar for at kristendomen vart innført i landet vårt. På tinget på Moster for om lag tusen år sidan, blei kristendomen kunngjort som den einaste tillatne religionen i landet. Dette førte til store samfunnsendingar. Mykje har endra seg på desse tusen åra, men kristendomen har sett sitt preg i utviklinga. Opplæring skal byggje på kristne og humanistiske verdiar som menneskeverd og nestekjærleik.

I dag har vi trusfridom, og vi får lov å uttrykkje vår tru utan forfølging.

Prestar, forkynnarar og misjonærar ber bodskapen ut til folket vårt og vidare ut til verdens ende.

Mange religionar har kome til. Det har ført til vanskar og usikkerheit for mange.

Jesus sa mange gonger: Følg meg! Du sjølv lyt velje. Det finst berre ein veg til Gud. Det er Jesus. Han sa det sjølv. «*Eg er vegen, sanninga og livet.*»

Det finst tusen vegar til Jesus, Den Heilage Ande er hjelparen.

### Det fysiske livet

Maslow skisserte ei behovspyramide. Som fundament står dei fysiologiske behova: mat, drikke, søvn og kle. Skal vi leve, så treng vi dette. Så kjem tryggleiksbehova og sosiale behov o.s.v.

Sunn mat og drikke er viktig. Farlege stoff øydelegg kroppen.

Kroppen skal brukast, haldast ved like og stellast.

Trening gjev styrke. Ikkje alle skal vere toppidrettsmenn, men ein lyt syte for at kroppen vert brukt, enten i arbeid eller ein legg opp aktivitetar sjølv.

Gløym ikkje søndagsturen, gjerne som familietur!

### Livet er til låns

«*Eg er ein gjest på jorda*» står det i Salme 119. v.19

Det som er sikkert er at ein dag eller natt vil livet ta slutt.

Nokre får eit langt livsløp, andre eit kortare, og nokre eit kort. Nokre får vere friske. Andre lyt streve med sjukdom eller andre vanskar.

Stans litt opp! Sjå deg tilbake i livet nokre minutt!

**«Du var med i sorga, du var med i gleda.**

**Herre vi vil takke deg for livet du oss gav.»**

Dei siste setningane er henta frå «Timeglasset renn», skrive av Haldis Reigstad.



**TOSHIBA**  
VARMEPUMPER

**Solskjerming**

Zip-screen - markiser - persienner

Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704  
www.senok.no



Foto: Nordsida kyrkje

**Kyrkjelydsbasar i Nordsida kyrkje**

**16. november kl. 13.00**



**INNVIK  
FJORDHOTELL**  
Misjonsheimen

Mange spennande helgearrangement i haust.  
Ta kontakt eller sjå heimesida for info.

Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS  
6793 Innvik, tlf. 57 87 49 90  
e-post: [post@innvikfjordhotell.no](mailto:post@innvikfjordhotell.no)  
[www.innvikfjordhotell.no](http://www.innvikfjordhotell.no)

**NMS Gjenbruk,**

eit skattkammer for deg  
som elsker gjenbruk  
– og kloden vår!

[www.nmsgjenbruk.no](http://www.nmsgjenbruk.no)



Eidsgata 5,  
6770 Nordfjordeid  
Telefon 404 45 420  
Må-lau: 11-15.  
To: 11-16.30

Til hjelp i sorga  
sidan 1978



Vi er her når de treng oss som mest,  
og hjelper dykk å lage ei personleg,  
fin og verdig gravferd. Slik de ønskjer.  
De kan kontakte oss heile døgnet.  
Vi har teieplikt og kan møtast til  
samtale på eitt av våre kontor,  
eller heime hos dykk.

905 50 905 (døgnoopen vakttelefon)  
[post@hjelmeland.as](mailto:post@hjelmeland.as)  
[www.hjelmeland.as](http://www.hjelmeland.as)

Tonningsgata 42, 6783 Stryn

*Vi er i Nordfjord – for Nordfjord*

 **Hjelmeland**  
BEGRAVELSESBYRÅ

# Takk for innsatsen!

Kyrkjelokka ønskjer å kome med ei stor takk til sokneråda for den flotte innsatsen i juni.

For første gong vart Kyrkjelokka delt ut i postkassene på dugnad og vårt inntrykk er at dette fiksa sokneråda og deira gode hjelparar på ein grei måte.

Det vil alltid vere detaljar som ikkje klaffar heilt, det vere seg sjukdom eller litt upresise roder, men tilbakemeldingane er gode og ordninga skal nok berre bli betre framover.

Geir Ståle Vatnamo henta alle blada på trykkeriet i Florø og på veg rundt fjorden møtte han ei arbeidsklar gruppe frå Olden sokn, og truleg fekk mange i Olden bladet i postkassen alt same kvelden. Godt jobba.

*Foto: Geir Ståle Vatnamo*



**Fjordferd**  
BEGRAVELSESBYRÅ



Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd  
Stryn - Stad - Volda - Stranda - Fjord



Sjå heimesida vår for prisar  
[www.fjordferd.no](http://www.fjordferd.no)

**Tlf. 458 50 300**

- Vi er her for deg når du treng oss -

Gravminne  
Namne-  
tilføyingar  
Oppfrisking



**EIDE STEIN AS**  
[www.eidestein.no](http://www.eidestein.no) 712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå



## Vi les Bibelen saman!

Ved Andreas Kråkenes

*Bibelen er ein skatt!*

*Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen presenterer Kyrkjeklokka nokre av dei kjende bibelhistoriene.*

*Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.*

### Historia er henta frå Lukas 10.38-42

Jesus møtte mange menneske då han gjekk omkring på jorda. Ein gong fekk han komme inn i huset til ei kvinne som heitte Marta.

Marta hadde ei syster som heitte Maria, og medan Jesus var i huset sette Maria seg ned ved føtene til Jesus og lytta til det han sa. Marta var travelt opptatt med alt som skulle setjast i stand, og ho gjekk bort til Jesus og sa «Herre, bryr du deg ikkje om at systera mi lar meg gjere alt arbeidet åleine?»

Jesus svara «Marta, Marta! Du strevar og uroar deg for mange ting». Men, det er eitt som er nødvendig. Maria har valt den gode delen, og den skal ikkje takast frå henne».

### Til samtale:

Kva trur du Jesus snakka om som Maria tykte var så spennande?

Kva trur du Jesus prøver å fortelje oss med denne historia?





# Barnas



## Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

## Vitsar

– Kva heiter den nye hunden din?  
– Eg veit ikkje, han vil ikkje sei det.

Kvifor kan ikkje eg ringe når smultringar?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Fargelegg!

Jesus tok imot barna og sa at dei vaksne har mykje å lære av dei. Fargelegg biletet av Jesus og barnet.



## Kryssord

1. ○ ○ ○ ○ ○ Disippel i Johannes 20,26
2. ○ ○ ○ ○ ○ Engel i Lukas 1,26
- Hyllingsrop i Markus 11,9 3. ○ ○ ○ ○ ○
- Dyr i Markus 10,25 4. ○ ○ ○ ○ ○
5. ○ ○ ○ ○ ○ Tal i Apostelgjerningane 27,28
6. ○ ○ ○ ○ ○ Namn på Jesus i Matteus 1,23
7. ○ ○ ○ ○ ○ Frø i 2. Korintarbrev 9,10

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.

Teikning: Trevor Keen




Slekt  
skal følge  
slekters  
gang



## Frå kyrkjebøkene (pr 05.09.)

*Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Nedstryn - Loen - Oppstryn*

Loen	Hornindal	Nedstryn
<p><b>Døpte:</b> 16.06. <b>Emilie Myren Book.</b> For. Ciril Westervik Myren og Erik Hessevik Book</p> <p>16.06. <b>Milian Opheim Tjugen.</b> For. Ingvild Christin Oliversen Opheim og Christoffer Tjugen</p> <p>28.07. <b>Ask Thybo Loen.</b> For. Johanne Malene Thybo Hansen og Atle Loen. Døpt i Nordreisa</p> <p>11.08. <b>Odin Mørkedal.</b> For. Charlotte Beinnes og Tor Inge Mørkedal</p> <p><b>Vigde:</b> 08.06. <b>Hedi Helena Halleland og Robert Ingar Heldal</b></p> <p>29.06. <b>Renate Botnevik Gjellestad og Rolf-Erik Hoff</b></p> <p>06.08. <b>Malene Haugen og Bjørn Kjetil Hilde</b></p> <p><b>Døde:</b> 23.07. <b>Palma Loen Andersen</b> f. 1933</p>	<p><b>Døpte:</b> 23.06. <b>Tilde Bøe.</b> For. Rita Gausemel og Gisle Bøe</p> <p>04.08. <b>Marie Tomasgård Norheim.</b> For. Nina Stefine Tomasgård og Henry Alexander Karlsen Norheim</p> <p>04.08. <b>Eirik Lunde Kongsvik.</b> For. Elisabet Tynes Lunde og Eivind Kongsvik</p> <p>25.08. <b>Matheo Ringdal Lillestøl.</b> For. Anette Lillestøl og Brede Ringdal</p> <p>25.08. <b>Monika Marie Taraldset.</b> For. Jolanta Peculyte Taraldset og Ralf Bjarne Taraldset</p> <p><b>Vigde:</b> 08.06. <b>Mona Seljeset og Thomas Svarstad</b></p> <p>22.06. <b>Miriam Taraldset Slettebakk og Thimmy Theodorus Klaassen</b></p> <p>29.07. <b>Lene Kobberstad Vindheim og Kim Runar Heggen</b> ( kyrkjeleg velsignig)</p> <p><b>Døde:</b> 05.06. <b>Åshild Olina Kroken</b> f. 1944</p> <p>02.09. <b>Nils Taraldset</b> f. 1927</p>	<p><b>Døpte:</b> 19.05. <b>Theo Andresen With.</b> For. Hannah Halvorsen With og Kristian Andresen</p> <p>14.07. <b>Tarald Møgster Lundevall.</b> For. Christine Møgster Bonnegolt og Torjus Muri Lundevall</p> <p>27.07 <b>Theo Sagebø-Hunvik.</b> For. Monica og Dan Sagebø-Hunvik</p> <p>04.08. <b>Synne Bøe Refsdal.</b> For. Maria Lødemel Bøe og Asgeir Fosse Refsdal</p> <p>04.08. <b>Torgrim Skogstad Lindvik.</b> For. Johanne Letrud Skogstad og Morten Andersen Lindvik</p> <p>01.09. <b>Fredrik Flo Pettersen.</b> For. Ingrid Flo Pettersen og Kristian Fredrik Flo Pettersen</p> <p>01.09. <b>Marie Bakken Bøe.</b> For. Silje Bakke Bøe og Vegar Sæteren Bøe</p> <p><b>Vigde:</b> 22.06. <b>Victoria Næss Bø og Gøran Wigum</b></p> <p>06.07. <b>Gita Johanna Simonsen og Tarjei Bø</b></p> <p>31.08. <b>Sandra Thor Nordheim og Alexander Eikenes</b></p> <p><b>Døde:</b> 23.07. <b>Ingvar Kroken</b> f. 1935</p> <p>30.07. <b>Aslaug Frøholm</b> f. 1936</p> <p>25.08. <b>Veronica Anita Gårder</b> f. 1966</p> <p>25.08. <b>Oddmund Vinsrygg</b> f. 1936</p>
<p><b>Utvik</b></p> <p><b>Døpte:</b> 18.08. <b>Benedicte Rogne Myklebust.</b> For. Cathrine Rogne Høgden og Per Egil Myklebust</p> <p><b>Døde:</b> 11.07. <b>Anders Magnus Verlo</b> f. 1939</p>	<p><b>Oppstryn</b></p> <p><b>Døpte:</b> 30.06. <b>Fay Louise Norbom Tunold.</b> For. Malene Heiestad Tunold og Thor Erik Norbom</p> <p>30.06. <b>Jonas Greidung Teige.</b> For. Oddny Elisabeth Greidung og Ole-Kristian Steinar Teige</p> <p><b>Vigde:</b> 08.08. <b>Sigrid Vie og Ørjan Aleksander Fenne</b></p>	<p><b>Innvik</b></p> <p><b>Døde:</b> 17.07. <b>Magnar Egge</b> f. 1953</p>
<p><b>Nordsida</b></p> <p><b>Døpte:</b> 21.07. <b>Ingvild Roset.</b> For. Annette Roset og Sigurd Andreas Aarøen Roset</p> <p><b>Døde:</b> 07.07. <b>Magne Bodvar Stensaker</b> f. 1943</p>		



## Søndag er kyrkjedag

### Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar - nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: [stryn.kyrkja.no](http://stryn.kyrkja.no) og på Facebook: **Kyrkja i Indre Nordfjord**

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

#### 22. sept; 18. s. i treeiningstida

Matt 8, 5-13

- Olden 11:00 Gudsteneste med presentasjon av nye konfirmantar og konfirmantjubileum

#### Randabygd

Ingen registreringar

#### Olden

##### Døypte:

14.07. **Maiken Mattsson Yri.**

For. Malin Hilde Yri og Mika Juhani Mattsson

11.08. **Antonie Mondigo Olden.**

For. Geir Arild Olden og Recheal Mondigo Olden. Døyp i Bjugn

##### Vigde:

15.06. **Natalie Nygård Lillerovde og Tørres Knut Stenersen Myrene**

29.06. **Nina Cathrine Nordnes og Ingar Sårheim**

27.07. **Karina Tveit og**

**Christian August Van Der Hagen**

03.08. **Martine Løddøen Halsteinslid og Martin Werner**

24.08. **Ingrid Zerwekh Reme og Robin Berntsen**

##### Døde:

29.06. **Arve Egset** f. 1943

29.07. **Magnhild Katla Auflem** f. 1932

19.08. **Kari Sandvik** f. 1940

03.09. **Jens Bruvoll** f. 1935

#### 28. Sept; laurdag

- Oppstryn 13:30 Gudsteneste

#### 29. sept; Mikkelsmesse

Luk 10, 1-2. 16-20

- Nedstryn 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok

- Hornindal 11:00 Hausttakkefest / Gudsteneste for små og store med utdeling av 4-årsbok. Avskil med sokneprest Per Kristian Hovden Sætre

#### 06. okt; 20. s. i treeiningstida

Mark 10, 2-9

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste

- Innvik 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok

#### 13. okt; 21. s. i treeiningstida

Luk 16, 19-31

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Konfirmantjubileum

- Olden 13:00 Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok

#### 20. okt; 22. s. i treeiningstida

Joh 12, 35-36

- Loen 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok

- Nordsida 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok

- Utvik 11:00 Hausttakkegudsteneste med utdeling av 2- og 4-årsbok

- Randabygd 14:00 Hausttakkefest

#### 27. okt ; Bots- og bønnedag

Luk 18, 18, 9-14

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste

- Hornindal 11:00 Gudsteneste med presentasjon av nye konfirmantar

- Oppstryn 20:00 Kveldsgudsteneste

#### 03. nov; Helgemesse

Matt 5, 13-16

Minnedag – Joh 11, 1-5. 33-38

- Nedstryn 11:00 Minnegudsteneste.

Minnedag for Oppstryn, Nedstryn og Loen

- Olden 11:00 Helgemesse-

gudsteneste. Vi minnst dei døde

- Utvik 16:00 Minnedag i ord og tonar

- Hornindal 19:00 Minnegudsteneste

- Innvik 19:30 Helgemesse-

gudsteneste. Vi minnst dei døde

- Nordsida 20:00 Helgemesse-

gudsteneste. Vi minnst dei døde

frå Nordsida og Randabygd

#### 10. nov; 25. s. i treeiningstida

Matt 14, 22-34

- Ljosheim 11:00 Hausttakkegudsteneste med utdeling av 4-årsbok

- Randabygd 11:00 Gudsteneste

#### 17. nov; 26. s. i treeiningstida

Joh 9, 1-7. 35b-38

- Loen 11:00 Gudsteneste

- Utvik 11:00 Gudsteneste

- Hornindal 11:00 Gudsteneste

#### 24. nov; Kristi kongedag

Matt 25, 1-13

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste

- Innvik 11:00 Gudsteneste

- Nedstryn 19:00 Kveldsgudsteneste

#### 01. des; 1. s. i adventstida

Matt 21, 10-17

- Nedstryn 11:00

Lys-Vaken-gudsteneste

- Nordsida 11:00 Gudsteneste

- Utvik 11:00 Lys-Vaken-gudsteneste



Bladet er omdelt i postkassene i Stryn og Hornindal på dugnad. Neste nummer får du i postkassa 27.- 30. sept.



Distribusjon som **Post med like format** til abb. utanfor Stryn og Hornindal. Returadr.: Kyrkjekontoret, Rognehaugen 11, 6783 Stryn

## Ver her hjå meg

*Ver her hjå meg, for no er natta nær.  
Mørkeret metnar. Herre, hjå meg ver.  
Når ingen annan hjelpar syner seg,  
du, hjelp for hjelpelause, ver hjå meg.*

*Livsdagen løyar. Livsdagen er stutt.  
Jorda har gleder. Gledene tek slutt.  
Alt eg kan sansa, er foranderleg.  
Du, uforanderlege, ver hjå meg.*

*Eg bed om meir enn prat og snøgg visitt.  
Ver slik du var hjå dei i livet ditt.  
Vernande, ledig, varm, usliteleg.  
Stikk ikkje berre innom. Ver hjå meg.*

*Kom utan velde, utan torerøyst.  
Ver mild og god, med vengjer som gjev trøyst,  
hjarte og sjel for alt som græt og gneg.  
Kom, ven av syndarar, og ver hjå meg.*

*Smilet ditt fall på meg då eg var barn.  
Sjølvs om eg gjorde opprør, hard som jarn,  
svikta du aldri, slik eg svikta deg.  
Heilt til det siste, Herre, ver hjå meg.*

*Nærleiken din, han signar dagen min.  
Vernet mot vondt er berre nåden din.  
Kvar kan eg kvila anna enn hjå deg?  
I regn og solskin, Herre, ver hjå meg.*

*Fiendefrykta kverv når du sit hjå.  
Børa mi letnar. Det gjer gråten òg.  
Dauden og grava mistar brodd og preg.  
Eg kjenner jubel når du er hjå meg.*

*Held du din kross mot augo eg lèt att.  
Lys på min sti, og skin i skuggenatt.  
Himmelgry kjem og skuggejorda dreg.  
I liv og daude, Herre, ver hjå meg.*

Salmeteksten «Abide With Me» er skriven av den skotske diktarpresten Henry Francis Lyte. Han var fødd i 1793 på landsbygda søraust i Skottland. I nær hundre år, sidan 1927, har salmen vore framført på Wembley stadion i London før avspark i finalekampen i verdas eldste fotballturnering, den engelske FA-cupen.

Som utgangspunkt for teksten henta Lyte ord og vendingar frå forteljinga om Emmaus-vandrarane heilt sist i Evangeliet etter Lukas: «*Same dagen var to læresveinar på veg til ein landsby som heiter Emmaus, seksti stadier frå Jerusalem, og dei tala med einannan om alt det som hadde hendt.*»

Då dei nærma seg landsbyen dei skulle til, lest Jesus at han ville gå lenger.

«*Men dei nøydde han og sa: Ver hjå oss! Det lid mot kveld, og dagen hallar. 'Då gjekk han inn og gav seg til hjå dei.*»

Etter «Abide With Me» (1847)  
Attdikta av Håvard Rem  
Publisert i Dag og Tid (2024)

Foto: Pixabay

Redaktør for neste nummer er: Geir Ståle Vatnamo

Vi tek svært gjerne imot stoff på e-post til:

[kyrkjeklokka@gmail.com](mailto:kyrkjeklokka@gmail.com) eller [skogli.vatnamo@gmail.com](mailto:skogli.vatnamo@gmail.com) innan 27.10.